



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 17.04.2018  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume, permisjon kl. 15:50	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Åshild Vik	Sølvi Dimmen	SV
Arild Iversen, møte kl.15:50	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Heltne	Planleggar PS 62/18, 64/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef PS 62/18 og 65/18
Heidi Istad	Planleggar PS 62/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 62/18 og 62/18
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann PS 62/18
Lars Fjærvold	Ingeniør teknisk sektor PS 72/18 og 73/18
Kari Mette Sundgott	Økonomisjef, PS 69/18 og 70/18



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
<b>PS 60/18</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
<b>PS 61/18</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
<b>PS 62/18</b>	<b>Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene-slutthandsaming av plan.</b>
<b>PS 63/18</b>	<b>Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - vedtak</b>
<b>PS 64/18</b>	<b>Planid 1519-2017002 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807. Handsaming etter offentlig ettersyn.</b>
<b>PS 65/18</b>	<b>PlanId 2018002. Detaljreguleringsplan for gbr. 19/182. Spørsmål om oppstart av privat reguleringsplanarbeid</b>
<b>PS 66/18</b>	<b>Utbygging av breiband i Volda kommune</b>
<b>PS 67/18</b>	<b>Mekko Keramikkverkstad - Søknad om tilskot frå Næringsfondet</b>
<b>PS 68/18</b>	<b>Formannskapet sin disposisjonspost - ramme til ordførar og rutiner for handsaming av søknader om støtte utanom etablerte ordningar</b>
<b>PS 69/18</b>	<b>Overføring av investeringar frå 2017 til 2018</b>
<b>PS 70/18</b>	<b>Startlån 2018 - opptak av lån</b>
<b>PS 71/18</b>	<b>Sunnmøre Kulturnæringshage - Tilskot til etablering av Smia utvikling.</b>
<b>PS 72/18</b>	<b>Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset</b>
<b>PS 73/18</b>	<b>Utbyggingsavtale for Strand bustadfelt - Fjordbygg AS</b>
<b>PS 74/18</b>	<b>Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2018</b>
<b>PS 76/18</b>	<b>Tilleggsøyving til Avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i Høve utbygging av Håmyra bustadfelt.</b>
<b>PS 75/18</b>	<b>Orienteringssaker</b>



## VOLDA KOMMUNE

- OS 50/18**                    **Referat frå ordførar- og rådmannsmøtet på Hareid i 23.03.2018**
- OS 51/18**                    **Voldatunnel - Orientering frå styringsgruppa etter møte 12.04.18**
- OS 52/18**                    **Gode Vegar AS - notat**
- OS 53/18**                    **Endringar for drosjeparkering ved implementering av ny parkeringsforskrift, Ørsta / Volda Lufthavn Hovden**
- OS 54/18**                    **Informasjon konkurs Norsk Enøk & Energi AS (NNE) i EPC prosjektet**

### **PS 60/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

#### **Innkalling**

##### Ettersendte dokument 13.04.2018:

- PS 64/18 - reguleringsføresegner

##### Ettersendte dokument 17.04.2018:

- PS 66/18 Utbygging av breiband i Volda kommune.
- PS 76/18 Tilleggsøyving til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i høve utbygginga av Håmyra bustadfelt.
- OS 54/18 Informasjon konkurs Norsk Enøk og Energi AS i epc prosjekt

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### **Sakliste:**

Ordføraren kom med framlegg om å sette dei ettersendte sakene på saklista:

- PS 76/18 Tilleggsøyving til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i høve utbygginga av Håmyra bustadfelt.
- OS 54/18 Informasjon konkurs Norsk Enøk og Energi AS i epc prosjekt

Odd Harald Sundal viste til utfordringar kring lavt oppmøte, og mykje bruk av vara, i forvaltningsutvalet, tenesteutval for oppvekst og kultur og tenesteutval for helse og omsorg. Odd Harald Sundal oppmoda gruppeleiarane til å bringe dette vidare til partigruppene.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

### **PS 61/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 04.04.2018, vart samrøystes godkjent.

### **PS 62/18 Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene- slutthandsaming av plan.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, regluringsføresegner og reguleringsplankart datert 10.april 2018 vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.*

### **Handsaming:**

Statens Vegvesen, ved Astrid Eide Stavseng og Jonas Misund, orienterte om planarbeidet.

Fra administrasjonen møtte: Per Heltne, Jørgen Vestgarden, Heidi Istad, Regine Aklestad og Asbjørn Moltudal.

Odd A. Folkestad kom med framlegg om å utsette saka.

### Røysting utsettingsframlegg:

Utsettingsframlegget fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset) og fall, sju røysta imot.

### **Røysting (9 røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset)

### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

*Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, regluringsføresegner og reguleringsplankart datert 10.april 2018 vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.*



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 63/18 Bygningstiljø og estetisk rettleiar - vedtak**

#### **Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:**

*Saka vert utsett og sendt til formannskapet for vidare handsaming.*

#### **Handsaming:**

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte.

Ordføraren kom med slikt tillegg til vedtaket frå formannskapet 13.03.2018:

*Formannsskapet viser til forslag til ny avgrensing for området i kap. 6.1 Halkjelsvika og forslag reist av representanten Erlend Krumsvik i kommunestyremøtet 22.3. Kartutsnittet i denne rettleiaren er ikkje juridisk bindande, og meir nøyaktige områdeavgrensingar med føresegner må fastsettast og vedtakast juridisk i kommuneplanen sin arealdel. Formannsskapet ber om at desse innspelane blir grundig vurdert i samband med det vidare arealplanarbeidet.*

#### **Røysting (9 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet 13.03.2018 til kommunestyret, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek dokumentet «Bygningstiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.*

*Formannsskapet viser til forslag til ny avgrensing for området i kap. 6.1 Halkjelsvika og forslag reist av representanten Erlend Krumsvik i kommunestyremøtet 22.3. Kartutsnittet i denne rettleiaren er ikkje juridisk bindande, og meir nøyaktige områdeavgrensingar med føresegner må fastsettast og vedtakast juridisk i kommuneplanen sin arealdel. Formannsskapet ber om at desse innspelane blir grundig vurdert i samband med det vidare arealplanarbeidet.*

**PS 64/18 Planid 1519-2017002 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplussen gbr 19/807. Handsaming etter offentleg ettersyn.**

**Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

*Reguleringsplan for Volda Campus arena- planID 2017002, slik det går fram av plankart og føresegner datert 13.03.2018 og ut frå planomtale av same dato, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.*

### **Handsaming:**

Reguleringsføresegnene vart ettersendt 13.04.2018.

Planleggar Per Heltne orienterte.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

*Reguleringsplan for Volda Campus arena- planID 2017002, slik det går fram av plankart og føresegner datert 13.03.2018 og ut frå planomtale av same dato, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.*

### **PS 65/18 PlanId 2018002. Detaljreguleringsplan for gbr. 19/182. Spørsmål om oppstart av privat reguleringsplanarbeid**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet gir i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, samtykke til at det vert varsla oppstart av privat reguleringsplanarbeid for gnr. 19, bnr. 182 mfl.*

### **Handsaming:**

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden orienterte.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 17.04.2018:**

*Formannskapet gir i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, samtykke til at det vert varsla oppstart av privat reguleringsplanarbeid for gnr. 19, bnr. 182 mfl.*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 66/18 Utbygging av breiband i Volda kommune

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at det vert søkt om NKOM-midlar for å få fram breibandsinfrastruktur til private og verksemde i bygdene*
  - *Nordsida av Austefjorden og Kalvatn (langs E39)*
  - *Folkestad*
  - *Dravlaus*
- 2. Det vert løyvd kr 200 000 i eigenandel til prosjekta med dekning frå bruk av ubunde kapitalfond. Dersom det vert gitt tilsagn om tilskot frå NKOM vert det lagt fram eiga sak om nærmare utbygging, kostnader, finansiering og organisering av opplegg med omsyn til privat utbygging av breiband til private og verksemder i desse bygdene*

#### Handsaming:

Saka vart ettersendt på møtedagen.

#### Røysting (9 røytesføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til at det vert søkt om NKOM-midlar for å få fram breibandsinfrastruktur til private og verksemde i bygdene*
  - *Nordsida av Austefjorden og Kalvatn (langs E39)*
  - *Folkestad*
  - *Dravlaus*
- 2. Det vert løyvd kr 200 000 i eigenandel til prosjekta med dekning frå bruk av ubunde kapitalfond. Dersom det vert gitt tilsagn om tilskot frå NKOM vert det lagt fram eiga sak om nærmare utbygging, kostnader, finansiering og organisering av opplegg med omsyn til privat utbygging av breiband til private og verksemder i desse bygdene*

### PS 67/18 Mekko Keramikkverkstad - Søknad om tilskot frå Næringsfondet

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Det vert løyvd kr. 20.000,- til Mekko keramikkverkstad 2018 frå næringsfondet(kraft).*
- 2. Utgiftsføring: teneste 325, hovudpost "overføring til andre"  
Finansiering: teneste 325, hovudpost "finansieringsinntekter" Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961)*
- 3. Midlane skal nyttast i samsvar med søknad d.s. 03.03.2018, og vert utbetalt mot framlagt dokumentasjon på kostnader i samsvar med søknaden.*



## **Handsaming:**

Dan Helge Bjørneset kom med framlegg om at beløpet vert endra til kr. 27.000.

## **Røysting** (9 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Dan Helge Bjørneset. Framlegget frå Dan Helge Bjørneset vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i formannskapet - 17.04.2018**

- 1. Det vert løyvd kr. 27.000,- til Mekko keramikkverkstad 2018 frå næringsfondet(kraft).*
- 2. Utgiftsføring: teneste 325, hovudpost "overføring til andre"  
Finansiering: teneste 325, hovudpost "finansieringsinntekter" Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961)*
- 3. Midlane skal nyttast i samsvar med søknad d.s. 03.03.2018, og vert utbetalt mot framlagt dokumentasjon på kostnader i samsvar med søknaden.*

## **PS 68/18 Formannskapet sin disposisjonspost - ramme til ordførar og rutiner for handsaming av søknader om støtte utanom etablerte ordningar**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Ordføraren får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring.*

*Retningsliner innanfor ramma:*

*I samband med representasjon kan ordførar gi gåver på inn til 5.000 kr. i kvar sak. Om det er behov for større gåver skal det godkjennast av formannskapet.*

*I samband med marknadsføring som er klart i samsvar med Volda kommune sine interesser kan ordførar gi støtte på inn til 5000 kr. i kvar sak. Større tiltak skal godkjennast av formannskapet.*

- 2. Volda kommune har ikkje tilskotsordningar utover kulturmidlar og næringsfondet. For søknader som fell utanfor dette, kan kommunen velje å gi administrativt svar eller leggje søknaden fram for formannskapet. Ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast sak eller om saka skal svarast på administrativt.*
- 3. Formannskapet kan forøvrig gi løyvingar frå fondet til formål som det finn formålstenleg.*





## VOLDA KOMMUNE

*Administrasjonen assisterer ordførar og fører oversikt over løyvde beløp, samt rapporterer forbruk på formannskapet sin disposisjonspost i samband med månadleg budsjettkontroll.*

### **Handsaming:**

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 17.04.2018**

- 1. Ordføraren får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring.***

#### ***Retningsliner innanfor ramma:***

***I samband med representasjon kan ordførar gi gåver på inn til 5.000 kr. i kvar sak.***

***Om det er behov for større gåver skal det godkjennast av formannskapet.***

***I samband med marknadsføring som er klart i samsvar med Volda kommune sine interesser kan ordførar gi støtte på inn til 5000 kr. i kvar sak. Større tiltak skal godkjennast av formannskapet.***

- 2. Volda kommune har ikkje tilskotsordningar utover kulturmidlar og næringsfondet. For søknader som fell utanfor dette, kan kommunen velje å gi administrativt svar eller leggje søknaden fram for formannskapet. Ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast sak eller om saka skal svarast på administrativt.***
- 3. Formannskapet kan forøvrig gi løyvingar frå fondet til formål som det finn formålstenleg.***

***Administrasjonen assisterer ordførar og fører oversikt over løyvde beløp, samt rapporterer forbruk på formannskapet sin disposisjonspost i samband med månadleg budsjettkontroll.***

### **PS 69/18 Overføring av investeringar frå 2017 til 2018**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2017 til 2018 slik det går fram av tabell i saksframlegget. Samla netto investeringsramme utgjer kr. 55 328 794 og vert finansiert med låneopptak.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2017 til 2018 slik det går fram av tabell i saksframlegget. Samla netto investeringsramme utgjer kr. 55 328 794 og vert finansiert med låneopptak.*

### **PS 70/18 Startlån 2018 - opptak av lån**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre godkjenner låneopptak knytt til startlånsmidlar i Husbanken pålydande 5 million kroner for år 2018.*

### **Handsaming:**

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre godkjenner låneopptak knytt til startlånsmidlar i Husbanken pålydande 5 million kroner for år 2018.*

### **PS 71/18 Sunnmøre Kulturnæringshage - Tilskot til etablering av Smia utvikling.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Volda kommune sluttar seg til konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i rapporten «Ny næring på gamle tufter».*
- 2. Volda kommune yter tilskot til Sunnmøre kulturnæringshage på kr. 435.000,- for 2018 og kr. 834.000,- for 2019 til prosjekt «Smia utvikling».*
- 3. Løyvinga vert å dekke over disposisjonsfond for Volda kommune.*



## VOLDA KOMMUNE

*4. Hornindal kommune stiller gratis kontorstad på kommunehuset til disposisjon for Smia utvikling.*

*5. Volda kommune føreset at Hornindal kommune yter sin del av tilskotet.*

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kultur næringshage, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e. nr.2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er vara til styremedlem Odd A. Folkestad i Sunnmøre kultur næringshage, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e. nr.2. Gunnar Strøm har ikkje delteke i handsaminga av saka i Sunnmøre kultur næringshage. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

### Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

### **Røysting** (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

*1. Volda kommune sluttar seg til konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i rapporten «Ny næring på gamle tufter».*

*2. Volda kommune yter tilskot til Sunnmøre kultur næringshage på kr. 435.000,- for 2018 og kr. 834.000,- for 2019 til prosjekt «Smia utvikling».*

*3. Løyvinga vert å dekke over disposisjonsfond for Volda kommune.*

*4. Hornindal kommune stiller gratis kontorstad på kommunehuset til disposisjon for Smia utvikling.*

*5. Volda kommune føreset at Hornindal kommune yter sin del av tilskotet.*

Odd A. Folkestad tok sete.



## VOLDA KOMMUNE

### PS 72/18 Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.*
- 2. Administrasjonen detaljprosjektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjektert tiltak med kostnad leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.*
- 3. Administrasjonen detaljprosjektere og kostnadsreknar avløpsreinseanlegg på Klippa. Detaljprosjektert tiltak med kostnad skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning*
- 4. Administrasjonen avklarar avkjøringa på Klippa med Vegvesenet.*
- 5. Det vert oppstarta regulering av området ved Klippa for reinseanlegg.*

*Administrasjonen arbeidar parallelt med å skaffe avtale om grunn med grunneigarar*

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Lars Fjærvold møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

#### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

- 1. Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.*
- 2. Administrasjonen detaljprosjektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjektert tiltak med kostnad leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.*
- 3. Administrasjonen detaljprosjektere og kostnadsreknar avløpsreinseanlegg på Klippa. Detaljprosjektert tiltak med kostnad skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning*
- 4. Administrasjonen avklarar avkjøringa på Klippa med Vegvesenet.*
- 5. Det vert oppstarta regulering av området ved Klippa for reinseanlegg.*

*Administrasjonen arbeidar parallelt med å skaffe avtale om grunn med grunneigarar*



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 73/18 Utbyggingsavtale for Strand bustadfelt - Fjordbygg AS**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Fjordbygg AS for bygging av Strand bustadfelt, datert 09.04.2018.*

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Lars Fjærvold møtte.

#### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyet:**

*Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Fjordbygg AS for bygging av Strand bustadfelt, datert 09.04.2018.*

### **PS 74/18 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2018**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2018 til vitende.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2018 til vitende.*

Anders Egil Straume fekk permisjon kl. 15:50 og vara Arild Iversen tok sete.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 76/18 Tilleggsøyving til Avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i Høve utbygging av Håmyra bustadfelt.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunestyret løyver Kr 750.000,- til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen tilført vegdrift frå ubunde driftsfond.*

#### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt på møtedagen.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret løyver Kr 750.000,- til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen tilført vegdrift frå ubunde driftsfond.*

### **PS 75/18 Orienteringssaker**

**OS 50/18 Referat frå ordførar- og rådmannsmøtet på Hareid i 23.03.2018**

**OS 51/18 Voldatunnel - Orientering frå styringsgruppa etter møte 12.04.18**

**OS 52/18 Gode Vegar AS - notat**

**OS 53/18 Endringar for drosjeparkering ved implementering av ny parkeringsforskrift, Ørsta / Volda Lufthavn Hovden**

**OS 54/18 Informasjon konkurs Norsk Enøk & Energi AS (NNE) i EPC prosjektet**



**VOLDA KOMMUNE**

Møtet slutt kl. 16.40

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
18.04.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent